

Forrykande avslutning på sommarkurssesongen.

10.08.2008



Delar av kornettgruppa. Vegard Døssland til venstre, Ingvill T. Sturre nummer to frå høgre og Vegard V. Skåle til høgre. (Foto: Thor Inge Døssland)

Frå søndag til lørdag vart det tredje og siste musikkurset denne sommaren avvikla på Lundeneset vidaregåande skule i Ølensvåg. Nær femti 14- 16-åringar var då samla. Etter å blitt imponert over to fantastiske avslutningskonsertar på kursa for dei yngre, fulgte denne aldersgruppa opp med eit fyrverkeri av ein konsert.



Kvinnheringar på kurs: Frå venstre Sebastian, Vegard , Kristine, Ingvill, Birgitte, På'l Magnus (musikalsk leiar), Vilde og Amalie heilt til

høgre. (Foto: Thor Inge Døssland)

Deltakarane hadde ei innhaldrik og travel veke bak seg. I tillegg til all sosial aktivitet hadde dei jobba svært mykje med musikk. I tillegg til samspel i korps vart det lagt vekt på teori, instrumentalundervisning, kammermusikk, gehørsspel og kreative musikkaktivitetar for å nemne noko. Gjennom veka resulterte dette i fleire huskonsertar med ensemble og gruppespel. Dei dugande instruktørane spela og konsert for deltakarane.



Uskedalsjentene Birgitte, Ingvill og Kristine tar avskjed med populær horninstruktør, engelske Paul Farr. (Foto: Thor Inge Døssland)

Den musikalske leiaren, tubaisten Pål Magne Austnes, kunne fortelja at dei hadde jobba mykje med rytmisk krevjande musikk som denne aldersgruppa plar like. På avslutningskonserten fekk vi høyre eit svært publikumsvennleg program. Mest all musikken var henta frå amerikanske "Youngblood Brass Band", og Pål Magne Austnes hadde arrangert den spesielt for dette kurset. Det vart framført med presisjon, trøkk, innleving og musikalitet. Ein fantastisk konsert vart det!

Det hadde vore ei travel veke, ja. Likevel hørde vi førstegangsdeltakaren sei:

- Det har vore ei utruleg og fantastisk veke.

Kursveteranen som hadde vore på 5 sommarkurs, kunne meddela at dette var det beste sommarkurset han hadde vore på. Elles var det berre positive kommentarar å høyre.

Vi trur det er fleire grunnar til det. Ingen tvil om at musikkutvalet til Austnes traff både deltakarar og publikum. Heilt konge, vart det sagt! Dessutan er det nok ikkje tvil om at ei får meir glede av musikken di lenger ein har halde på og di flinkare ein er blitt

På dette kurset var det åtte kvinnheringar, fire frå Uskedalen skulemusikk og fire frå Rosendal skulekorps. Birgitte Hjelmeland, Ingvill T. Sture, Kristine Ludvigsen, Vegard Døssland, Vegard V. Skåle, Vilde V. Skåle, Amalie F. Helleland og Sebastian L. Torjusen hadde alle stort utbytte og stor glede av kurset. Dei kjem heim fullagra av inspirasjon. Nok ein gong har vi vore vitne til at NMF sine musikkssommarkurs er eit blinkskot!

Av Thor Inge Døssland